

## **Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 09.09.2015**

**Einar Lutro** stilte spørsmål om han er habil i saka ettersom han er medlem av IS Rv7.

Fylkesrådmannen har vurdert habilitetsspørsmålet og la fram notat.

Samferdselsutvalet fann Lutro innhabil, og han gjekk frå når saka vart handsama.

**Tom Skauge** sette på vegne av SV og MGD fram protokollmerknad.

**Alf Helge Greaker** sette fram oversendingsforslag

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart vedteke mot 3 røyster (V, SV, MDG).

### **Innstilling**

1. Fylkesutvalet syner til søknaden frå Hardangerviddatunnelene AS frå 3.juni 2015 om støtte til kjøp av to utgreiingar. Det er viktig å få dokumentert ringverknader og nytte av Rv7 over Hardangervidda. Fylkesutvalet løyver kr. 300 000 i prosjektstøtte, finansiert over fylkesutvalet sin tilleggsløyvingsskonto.
2. Fylkesutvalet vil understreka at det er Hardangerviddatunnelen AS som er ansvarleg for tematikk og tinginga av utgreiingane. Hordaland fylkeskommune heftar ikkje for innkjøpet og resultatata frå dette utgreiingsarbeidet.

### **Oversendingsforslag frå Alf Helge Greaker**

Med bakgrunn i mellom anna sak SAMU sak 97/15, ber samferdselsutvalet om å få sak om prinsipielle retningsliner angående interesseorganisasjonar opp mot finansiering av vegprosjekt.

### **Protokollmerknad frå Tom Skauge (SV) og Tom Sverre Tomren (MDG).**

Partia SV og MDG stemmer mot framlegget til løyving. Vi ynskjer ei prinsipiell avklaring av korleis slike løyvingar skal handsamast i framtida.